

# **Planprogram**

**Kommuneplanens arealdel 2025-2035**

**PlanID: 202501**

## Innhold

<b>1.</b>	<b>Innleiring .....</b>	<b>3</b>
1.1	Bakgrunn for planarbeidet .....	3
1.2	Geografisk avgrensing .....	3
1.3	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	3
1.4	Planprogrammet sin funksjon .....	4
1.5	Kommuneplanen sin arealdel .....	4
1.6	Forholdet til andre planer .....	5
<b>2</b>	<b>Overordna rammer for planarbeidet .....</b>	<b>5</b>
2.1	Statlege føringer .....	5
2.1.1	Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027 .....	5
2.1.2	Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga .....	6
2.1.3	Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag .....	7
2.1.4	Statlege planretningslinjer for klima og energi .....	7
2.1.5	Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet .....	8
2.2	Regionale føringer .....	9
2.2.1	Telemarksplanen. Regional planstrategi 2024-2028 .....	9
2.2.2	Regional klimaplan for Telemark 2019-2026 .....	9
2.3	Internasjonale føringer .....	9
<b>3</b>	<b>Føremål med planarbeidet .....</b>	<b>10</b>
3.1	Prioriterte temaer .....	10
3.1.1	Næringsareal .....	10
3.1.2	Areal for energiproduksjon .....	11
<b>4</b>	<b>Tema og problemstillingar .....</b>	<b>11</b>
4.1	Utfordringar knytte til planlegging av næringsareal .....	11
4.2	Utfordringsbiletet knytt til planlegging av areal for energiproduksjon .....	12
<b>5</b>	<b>Utgreiingsbehov .....</b>	<b>14</b>
5.1	Konsekvensutgreiing (KU) .....	14
5.2	Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) .....	15
<b>6</b>	<b>Vurdering av reguleringsplanar i planområdet .....</b>	<b>15</b>
<b>7</b>	<b>Organisering og medverknad .....</b>	<b>15</b>
7.1	Organisering .....	16
7.1.1	Politisk styringsgruppe .....	16
7.1.2	Administrativ styringsgruppe .....	16
7.1.3	Arbeidsgruppe .....	16
7.1.4	Intern referansegruppe .....	16
7.1.5	Ekstern referansegruppe .....	16
7.2	Medverknad .....	16
<b>8</b>	<b>Planprosess og framdriftsplan .....</b>	<b>16</b>

## 1. Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Planstrategien til Midt-Telemark kommune legg opp til at arealdelen skal reviderast i 2025. Midt-Telemark kommune startar no opp dette arbeidet. Planprogrammet er ein «plan for planen» og gir føringar for gjennomføringa av planarbeidet. Det har til hensikt å skapa einigkeit om formålet med og gjennomføringa av planarbeidet. Forslaget til planprogrammet skal vedtakast av Utval for plan, teknikk og næring (PTN), og skal leggjast ut til offentleg ettersyn. Kommunestyret i Midt-Telemark kommune skal fastsetje planprogrammet.

Kommuneplanens arealdel er eitt av kommunen sine verktøy for å gjennomføre samfunnsdelen. Samstundes skal arealdelen utformast med eit langsiktig perspektiv.

Kommunestyret skal fastsetje gjennom vedtak av kommuneplanens arealdel kva som er tillaten arealbruk, og kva for restriksjonar som gjeld, mellom anna ved bruk av arealformål, omsynssoner, plankart, føresegner og retningslinjer.

KPA omfattar arealplankart, føresegner, ROS-analyse og ein planbeskriving med konsekvensutgreiing (KU). Den er juridisk bindande, jf. pbl. § 11-6, for framtidig arealbruk og er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-1 og 11-5.

### 1.2 Geografisk avgrensing

Planområdet omfattar heile Midt-Telemark kommune som ligg sentralt i Telemark fylke. Kommunen grensar til Nome kommune i sør, Kviteseid og Seljord kommunar i vest, Notodden kommune i nord og Kongsberg og Skien kommune i aust.

Midt-Telemark kommune har eit totalareal på om lag 517 km<sup>2</sup> og omfattar mellom anna tettstadane Gvarv og Nordagutu. Planområdet omfattar alle arealkategoriar innanfor kommunegrensene. Natur- og kulturområde som jordbruksområde, friluftsområde og kulturlandskap (skog- og fjellområde), og dessutan viktige vassdrag som Bøelva, Gvarvelva, Norsjø og Heddalsvatnet, inngår i planområdet.

### 1.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein del av kommuneplanen som fastset kommunen sine langsiktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga. Den fungerer som eit overordna politisk styringsdokument.

«Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031» vart vedteken av kommunestyra i Bø og Sauherad i februar 2019.

Samfunnsdelen gir 10 strategiar for langsiktig arealutvikling. Følgande strategiar for langsiktig arealutvikling skal bygge opp under måla i planen:

1. «Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grendesentra. Avgrensing av tettstadene følger prinsippa i gjeldande arealdelar.
2. 70% av bustadbygging i kommunen skal skje innanfor tettstadene Bø og Gvarv. Anna bustadbygging skal bygge opp under eksisterande grensesentra, men det skal vere høve til spredt bustadbygging og små husklynger tilknytta eksisterande bebyggelse etter gitte kriteria.

3. *Det leggast til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen.*
4. *Det skal leggast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport.*
5. *Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800 m<sup>2</sup> konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark.*
6. *Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfold skal sikrast.*
7. *Viktige frilufts- og naturområde og tilkomst fra bustadområde skal sikrast.*
8. *Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløse aktivitet for turistnæring og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikke forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.*
9. *Det leggast til rette for variert bustadstruktur for å sikre sosiale møteplassar, mangfold og liv i nærmiljøet.*
10. *Fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar».*

#### 1.4 Planprogrammet sin funksjon

Planprogrammet for KPA 2025-2035 er eit styringsdokument som rammar inn arbeidsprosessen. Det er forankra i plan- og bygningslova § 4-1 og sikrar ei ryddig og føreseieleg planlegging. Dokumentet skildrar formålet, føringar, tema, problemstillingar, kva forhold som skal konsekvensutgreiast, medverknadsprosessen og korleis planprosessen skal gjennomførast.

#### 1.5 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen fastset rammer for bruk og vern av areal i kommunen og sikrar at utviklinga skjer på ein berekraftig måte. Den er juridisk bindande og heimla i plan- og bygningslova frå 2008. Ifølgje § 11-5 skal arealdelen ange hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer for nye tiltak og arealbruk, og dessutan omsyn som må ivaretakast.

Kommuneplanen sin arealdel er eit sentralt verktøy for å fremja eit berekraftig samfunn. Gjennom god arealplanlegging kan vi både redusera klimagassutslepp og motverke tap av naturområde og biologisk mangfold. Kommuneplanen skal sikra ei balansert og berekraftig utvikling som tek vare på både lokale behov og nasjonale føringar.

Arealdelen viser samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk, og korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planar blir varetekne. Den sikrar at arealbruken støttar opp om måla i kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Midt-Telemark kommune 2024-27.

Den gjeldande kommuneplanens arealdel 2021-2033 vart vedteken av kommunestyret i Midt-Telemark kommune 21.06.2021.

## 1.6 Forholdet til andre planer

Kommunedelplanen for Lifjell 2025-2035 vart vedteken 16. juni 2025 i saknr. KS-47/25. Gjennom planarbeidet vil det vurderast om denne planen skal innlemmast som ein del av KPA-en.

Sentrumsplanen skal reviderast som ein områdereguleringsplan etter at kommuneplanen sin arealdel er vedteken.

Kommunen vil gjennomføre ein planvask i samband med denne rulleringa av KPA. Første steg i denne prosessen er å oppheve planer som ikkje lengre er gjeldande etter dagen KPA.

## 2 Overordna rammer for planarbeidet

### 2.1 Statlege føringer

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er retningsliner fastsette av regjeringa for å sikre at planlegginga i fylke og kommunar støttar opp om nasjonale mål. Dei skal styrkje samordninga mellom statleg, regional og kommunal planlegging og rettleie kommunar og fylkeskommunar i korleis dei bør innrette planlegginga si.

#### 2.1.1 Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027 er ein rettleiar utgitt av Kommunal og distriktsdepartementet.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging gir føringer og retningslinjer for korleis kommunane skal vareta viktige samfunnsmål i planlegginga, inkludert berekraftig arealbruk og samfunnsutvikling. Forventningane frå 2023 vektlegg FNs berekraftsmål og behovet for berekraftig velferd og verdiskaping. Dei understrekar også rolla til fylkeskommunane og kommunane som planstyretemakter og tilretteleggjarar. Gode planprosessar er nøkkelen til å lukkast med det grøne industrielløftet.

Når det gjeld temaa næringsareal og areal for energiproduksjon i KPA, kan dei nasjonale forventningane brukast på fleire måtar:

**Heilskapleg planlegging:** Kommunen bør sørge for at planlegginga av næringsareal og energiproduksjon skjer på ein heilskapleg måte, der både økonomiske, miljømessige og sosiale faktorar blir tekne i betraktning.

**Medverknad:** Nasjonale forventningar understrekar viktigheita av å involvera innbyggjarane, inkludert barn og unge, i planprosessen. Dette gjeld spesielt ved etablering av næringsareal og energiproduksjonsanlegg, der det er viktig å få innspel om korleis desse tiltaka kan påverka nærmiljøet.

#### Næringsareal:

- **Berekraftig utvikling:** Nasjonale forventningar understrekar viktigheita av å planleggja næringsareal som fremjar økonomisk utvikling, samtidig som miljøomsyn og berekraft skal ivaretakast. Kommunen bør sørge for at næringsområda er godt integrerte i samfunnet og at dei ikkje fører til negative konsekvensar for innbyggjarane.

- Tilgang til arbeidsplassar: Det skal leggjast til rette for gode arbeidsplassar i nærleiken av bustadområde for å redusera behovet for biltransport og å fremja berekraftige transportløysingar som gang- og sykkelvegar.
- ABC-prinsippet handlar om å leggja til rette for optimal lokalisering av næringsareal basert på hovudmålet om å minimera transportbehovet og å auka tilgjengelegheita med alternative transportmiddel til bil. ABC-prinsippet kan bidra til større føreseieleg heit i avgjerder om lokalisering av næringsareal.
- Tilgjengelegheitsprofilar for område:
  - A - Svært tilgjengelege område utan bruk av bil.
  - B - Middels tilgjengelege område utan bruk av bil.
  - C - Lite tilgjengelege område. Innbyggjarane må i stor grad nyta seg av bil.
- Infrastruktur og tilgjengelegheit: Det skal leggjast vekt på at næringsareal er godt kopla til kollektivtransport, og at infrastrukturen skal fremja effektiv og miljøvennlig transport.

#### Areal for energiproduksjon:

- Grøn energi og berekraft: Nasjonale forventningar fremjar overgangen til grøn og fornybar energi. Kommunen skal vurdera plasseringa av energiproduksjonsanlegg, som solcelleparkar og vindkraftverk, på ein måte som varetak både miljøomsyn og behovet til lokalsamfunnet.
- Klimamål: Kommunen må ta omsyn til nasjonale klimamål, Parisavtalen og behovet for energieffektivisering ved planlegging av areal for energiproduksjon. Dette kan inkludera å identifisera område for fornybar energiproduksjon, som solcelleanlegg og vindkraft, samstundes som ein vurderer potensielle konsekvensar for biologisk mangfald og landskap.
- Tryggleik og tilgang til natur: Kommunen bør sikra at energiproduksjonsanlegg ikkje fører til ein tryggingsrisiko for innbyggjarar, særleg for barn og unge, og at dei ikkje hindrar tilgang til leikeplassar, viktige naturområde, fellesområda for allmenta og friluftsområde.

Ved å bruka nasjonale forventningar kan kommunen sikra at planlegginga av næringsareal og energiproduksjon er i samsvar med nasjonale mål om berekraft, effektiv ressursbruk og varetaking av innbyggjarane si livskvalitet.

#### 2.1.2 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga

Desse statlege planretningslinjene gir rettleiing om korleis omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegging og byggjesaksbehandling. Ved å integrera desse omsyna i planlegginga av næringsareal og areal for energiproduksjon kan kommunen bidra til å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge, i tråd med tilrådingane i rettleiaren.

Når kommunen planleggjar næringsareal, bør det vurderast korleis desse påverkar barn og unge sine oppvekstmiljø. KPA må sikra at næringsområde ikkje fører til auka trafikkfare eller støy i område der barn ferdast og pendlar. Den må bevara viktige leike- og rekreasjonsområde ved å unngå at dei omdisponerast til næringsformål. KPA skal leggje til rette for trygge og attraktive gang- og

sykkelvegar mellom bustadområde, skolar, barnehagar og fritidstilbod, sjølv om nye næringsareal blir etablerte.

Ved planlegging av areal for energiproduksjon, som solcelleparkar, vind- og vasskraftverk, bør kommunen vurdera om tiltaka kan påverka tilgangen barn og unge har til naturområde og friluftsliv. Kommunen skal sikra at slike anlegg ikkje utgjer ein tryggingsrisiko for barn og unge. Kommunen må involvera barn og unge i planprosessen for å få deira meininger og perspektiv på korleis energiproduksjonen kan påverka nærmiljøet deira.

### 2.1.3 Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag

Dei rikspolitiske retningslinjene (RPR) for verna vassdrag sikrar at utvikling av næringsareal og areal for energiproduksjon ikkje truar naturverdiane i desse områda, samstundes som kommunen legg til rette for berekraftig arealforvaltning.

RPR for verna vassdrag kan brukast i KPA for næringsareal og areal for energiproduksjon på følgjande måtar:

- Sikre at næringsutvikling ikkje truar verneverdiane.
- Bevaring av vassdrag ved etablering av energiproduksjon.
- Integrering av retningslinjene i arealforvaltninga. Det bør gjennomførast konsekvensutgreiingar (KU) for å vurdera eventuelle negative effektar på vassmiljøet før nye industri- og energianlegg skal godkjennast.

### 2.1.4 Statlege planretningslinjer for klima og energi

Dei statlege planretningslinjene for klima og energi har som føremål å sikra at klima- og energihensyn skal vektleggjast i planlegginga etter plan- og bygningslova (Pbl). Dette omfattar reduksjon av klimagassutslepp, auka karbonopptak og -lagring, og dessutan tilpassing til venta klimaendringar.

I arbeidet med KPA kan desse retningslinjene nyttast på temaa næringsareal og areal for energiproduksjon på følgjande måtar:

Lokalisering av næringsareal:

- Prioritera plassering av næringsareal nært kollektivknutepunkt og eksisterande infrastruktur for å redusera transportbehov og tilhøyrande klimagassutslepp.
- Unngå utbygging i område med høg risiko for klimaendringsrelaterte hendingar, som flaum eller havnivåstigning, for å sikre klimatilpassing.

Areal for energiproduksjon:

- Identifisera og avsetja område som er eigna for fornybar energiproduksjon, som sol- og vindkraft, i tråd med nasjonale mål om auka miljøvennleg energiomlegging.
- Sikra at etablering av energianlegg tek omsyn til naturmangfold, landskap og kulturminne, og at eventuelle negative konsekvensar blir vurderte og minimerte.

Integrert planlegging:

- Kombinera næringsutvikling med energiproduksjon der det er hensiktsmessig, til dømes ved å leggja til rette for næringsparkar som nyttar lokalprodusert fornybar energi.
- Inkludera krav om energieffektivitet og berekraftige byggjemateriale i reguleringsføresegnene for nye næringsbygg.

Ved å gjennomføre desse retningslinjene i KPA, bidreg kommunen til å nå nasjonale klimamål, sikra berekraftig arealbruk og førebu samfunnet på framtidige klimaendringar.

### **2.1.5 Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet**

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet gir føringar for korleis kommunane kan integrera næringsareal og areal for energiproduksjon i kommuneplanstrategien sin.

Formålet med retningslinjene er å sikra samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging, samt å effektivisera planprosessane. Dei tek opp fleire nye tema som påverkar fylkeskommunale planar, lokalisering av verksemder og rettleiing overfor kommunane.

Retningslinjene kan også danne grunnlag for motsegn ved konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser.

#### **Næringsareal:**

Retningslinjene understrekar viktigheita av å ivareta arealbehovet til nærings- og industriverksemder for å fremja verdiskaping. Ved planlegging av næringsområde bør kommunen vurdera:

Val av lokalisering: Næringsverksemder bør plasserast med god tilgang til eksisterande infrastruktur for å sikra effektiv og trygg trafikkavvikling, særleg for godstransport.

Energiforsyning: For kraftkrevjande industri bør moglegheitene for stabil og tilstrekkeleg energiforsyning vurderast nøye.

Terminalar: Behovet for terminalar og godshandtering mellom ulike transportformer, som jernbane og veg, bør inngå i den heilskaplege planlegginga.

Desse vurderingane bidreg til ein heilskapleg areal- og transportplanlegging som fremjar berekraftig næringsutvikling.

#### **Areal for energiproduksjon:**

Statlege planretningslinjer for klima og energi gir spesifikke føringar for korleis energi og klimagassutslepp skal takast omsyn til i arealplanlegginga:

- Fornybar energiproduksjon: Kommunen bør leggja til rette for auka produksjon av fornybar energi, som vindkraft og solkraft, og avklara behovet for slike areal i arealplanlegginga.
- Integrert energiproduksjon: Ved planlegging av større utbyggingsområde skal det vurderast om det kan produserast fornybar energi innanfor området.

Desse retningslinjene sikrar at arealplanlegginga støttar overgangen til eit lågutsleppssamfunn og fremjar berekraftig energiproduksjon. Ved å integrera desse føringane i KPA, kan kommunen balansera behovet for næringsutvikling og energiproduksjon med omsynet til berekraftig arealbruk og miljø.

## 2.2 Regionale føringer

Det er fleire regionale planar som er viktige for planarbeidet.

### 2.2.1 Telemarksplanen. Regional planstrategi 2024-2028

Telemarksplanen er eit strategisk rammeverk for samfunnsutviklinga i fylket for perioden 2024-2028 og fungerer som fylkeskommunens overordna styringsdokument. Den kombinerer eit grundig kunnskapsgrunnlag, politiske mål og konkret planoppfølging med fokus på samarbeid på tvers av aktørar og sektorar. Den gir også ei heilskapleg vurdering av regionale utviklingstrekk, utfordringar og langsiktige utviklingsmoglegheiter, og definerer prioriterte satsingsområde for fylket.

### 2.2.2 Regional klimaplan for Telemark 2019-2026

Regional klimaplan skal støtte opp under nasjonale og internasjonale klimamål gjennom reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing. Telemark fylkeskommune har sett eit mål om 60 % reduksjon i klimagassutslepp innan 2030.

Planen inneholder strategiar og tiltak, konkretisert i eit handlingsprogram «*Handlingsprogram for regional klimaplan for Telemark 2019-2026*». Blant tiltaka blir nemnt:

- Auka produksjon av fornybar energi (bio, vind, sol).
- Redusert utslepp frå transport gjennom fortetting, kollektivsatsing, gonge og sykkel.
- Energieffektiv bruk og rehabilitering av bygg.
- Sirkulær økonomi og grøne offentlege anskaffingar.
- 

## 2.3 Internasjonale føringer

Parisavtalen og Naturavtalen er to viktige internasjonale avtalar som har som mål å løye nokre av dei mest presserande miljøutfordringane verda står overfor: klimaendringar og tap av naturmangfold.

Parisavtalen er ein global klimaavtale som vart inngått under FNs klimakonferanse i 2015. Målet er å avgrensa den globale oppvarminga til godt under 2 ° C og helst til 1,5 ° C, samanlikna med førindustrielt nivå.

Naturavtalen vart vedteken under FNs naturtoppmøte i Montreal i 2012 og handlar om tap av natur og biologisk mangfold. Den inneholder 23 mål for 2030, mellom anna:

- Bevara minst 30 % av land- og havområda i verda, innsjøar og elvar.
- Stansa tap av artar.
- Redusera forureining og fremja berekraftig bruk av naturressursar.
- Gjenopprett 30 % av delvis øydelagd natur innan 2030.

FN har definert 17 berekraftsmål som utgjer ein internasjonal plan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stansa klimaendringane innan 2030. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å oppfylla desse måla, som skal danna grunnlaget for å møta vår tids største utfordringar.

### 3 Føremål med planarbeidet

Hovudmålet med planarbeidet er å finna attraktive, nye næringsareal og areal for energiproduksjon i Midt-Telemark kommune.

Ein ønskjer ein avgrensa revisjon av KPA, der to tema skal vurderast: næringsareal og areal for energiproduksjon. Bakgrunnen for dette er at det er avgrensa tilgang på tilgjengelege og attraktive næringsareal i dagens plan, og at desse byrjar å fyllast opp. Område for energiproduksjon har ikkje vorte handsama i tidlegare planarbeid.

Kommunen har motteke fleire førespurnader om slike areal, særleg for solcelleanlegg, og ein ønskjer difor å vurdera kvar slike anlegg bør kunna etablerast, og dessutan gi føringar for dette gjennom arealbruk og føresegner.

Det er behov for fleire justeringar i den eksisterande arealdelen. Den nye arealdelen bør følgja opp dei nye føringane frå samfunnsdelen for Midt-Telemark kommune 2019-2031.

Midt-Telemark kommune styrer arealplanlegginga si gjennom fleire lokale føringar som sikrar ei balansert og berekraftig utvikling. Desse føringane er nedfelte i ulike planar og retningslinjer som tek omsyn til både lokale behov og nasjonale mål.

Viser til [Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019-2031](#) og [Planstrategi for Midt-Telemark kommune 2024-2027](#). Kommunen legg til grunn at alt planarbeid som skal utførast må vera eit solid grunnlag for framtidige prioriteringar i eit langsigkt perspektiv, ved at:

- Det skal planleggjast så lite som mogleg, men så mykje som nødvendig.
- Planane skal utarbeidast gjennom gode prosessar, skal styrast av behov, og dei skal ha klare og tydelege mål.
- Planane skal vera lette å lesa og forstå, med mål om å sikra openheit.
- Alt planarbeid skal evaluerast gjennom medverknadsprosessar, involvering av befolkninga og den offentlege debatten, og eventuelle tiltak må følgjast opp.

#### 3.1 Prioriterte temaer

Næringsareal og areal for energiproduksjon er dei prioriterte tema i denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel (KPA).

##### 3.1.1 Næringsareal

Næringsareal er regulerte område for næringsverksemder som industri, logistikk, kontor, innovasjonssenter og andre typar verksemder som bidreg til økonomisk aktivitet. Som ein del av KPA skal næringsareal sikra utviklingsmoglegheiter og dekkja behovet i minst ti år, med fokus på rett lokalisering av verksemder.

Midt-Telemark kommune kan bli attraktiv for investeringar og skapa arbeidsplassar med godt planlagde næringsareal som styrkar økonomien og konkurransen.

KPA prioritærer tomter eigna for næringsføremål med tilgang til vassforsyning, sløkkjevatn, straum og hovudvegnett, inkludert riksveg 36 i Midt-Telemark kommune. Det skal også prioriterast område som ikkje kjem i konflikt med andre viktige omsyn som jordbruksareal og dessutan verna kultur- og naturområde.

### 3.1.2 Areal for energiproduksjon

Dei siste åra har etterspurnaden etter tomter til energiproduksjon auka på grunn av teknologisk utvikling og eit aukande fokus på berekraftige energikjelder.

KPA skal avgjera kva område som eignar seg for energiproduksjon med solcellepanel, og desse skal støttast av føresegner om lokalisering (på LNF- og/eller jordbruksområde, areal avsette til råstoffutvinning, osv.), miljøomsyn, konsesjonar og løyve.

Område for andre former for energiproduksjon, som vind- og vasskraft, skal vurderast og regulerast gjennom arealplanar og/ eller føresegner.

KPA skal også fastsetja generelle føresegner for bruk av solcellepanel på alle typar tak i kommunen. Føresegner og retningslinjer må opna for ny teknologi på lang sikt.

## 4 Tema og problemstillingar

### 4.1 Utfordringar knytte til planlegging av næringsareal

Midt-Telemark kommune har behov for å leggja til rette for næringsutvikling som bidreg til lokal verdiskaping, sysselsetjing/ arbeidsplassar og grøn omstilling.

- Det er identifisert utfordringar knytte til knappheit på tilgjengelege næringsareal, særleg for plasskrevjande verksemder.
- Det er avgrensa tilgang på strategisk plasserte næringsareal som eignar seg for næringsutvikling, særleg i område med god infrastruktur nær transportknutepunkt og hovudtransportårar, eller der det er mogleg å etablera effektive logistikklosningar.
- Utfordringar knytt til å skapa tillit, mellom anna i form av lokal motstand, ofte omtalt som NIMBY («not in my back yard»).
- Det er vanskeleg å føreseia kva typar næring som vil veksa i kommunen framover.
- Endringar i marknaden og kontinuerlege teknologiske endringar (auka netthandel og automatisering) påverkar arealbehovet.
- Ulike synspunkt på næringsutvikling og tiltrekking av verksemder og bedrifter.
- Det oppstår ofte konfliktar mellom ønsket om å ta vare på dyrka mark (jordvern), naturverdiar og friluftsområde, og behovet for areal til næringsutvikling.

#### Problemstillingar som skal belysast i det vidare planarbeidet

Midt-Telemark kommune skal utarbeida strategiske føringer, retningslinjer og føresegner.

Problemformuleringa kan justerast ved behov i løpet av planprosessen.

- Å kartleggja status for nettkapasiteten i dag og identifisera framtidige behov.
- Analysera behovet for næringsareal og sikre tilstrekkeleg areal for handel, tenesteyting, byggjeklare næringsareal og andre publikums retta funksjonar med eigna vegsamanbinding.
- Status for om det er tilstrekkeleg næringsareal tilgjengeleg for ulike typar næringsverksemder og for framtidig vekst.
- Kartlegging av eksisterande næringsareal (bruk, kapasitet og utnyttingsgrad) ved hjelp av vurderingskriterieskjemaet.
- Kartlegging av korleis fordelinga av ulike typar bransjar har utvikla seg, og identifisering av moglegheiter for tilrettelegging for effektiv arealbruk.
- Klargjera kriteria for «rett verksemder på rett stad» i område for byomforming.

- Leggja til rette for næringsverksemid gjennom næringsklynger og samlokalisering på strategiske stader med god infrastruktur og energiforsyning for å redusere transportbehovet.
- Analysera og redusera arealkonfliktar med bustadområde, landbruk og naturvern for å sikra føreseieleg planlegging for innbyggjarar og næringsliv.
- Konsekvensutgreiing (KU) av nye næringsområde, med særleg vekt på klima, natur, transport og samfunnsmessige forhold.
- Vurdera rammene for utnyttingsgrad av næringstomter.

## 4.2 Utfordringsbiletet knytt til planlegging av areal for energiproduksjon

Midt-Telemark kommune står overfor eit aukande behov for å leggja til rette for lokal og regional energiproduksjon som bidreg til det grøne skiftet, forsyningstryggleik og lokal verdiskaping. Dette omfattar mellom anna solenergi, vindkraft, vasskraft, bioenergi og moglegeheit for energilagring. Samstundes må slike tiltak balanserast opp mot omsyn til arealkonfliktar, natur, jordvern, landskap og støyutfordringar.

- Energiproduksjon som vindkraft, vasskraft, solcelleparkar og bioenergi krev store areal som ofte kjem i konflikt med naturverdiar, landbruk (dyrka mark), friluftsområde og areal til bustadføremål.
- Interessekonfliktar mellom lokalbefolkinga og nasjonale energiambisjonar skjer ofte.
- Utfordringar knytte til å skape tillit, mellom anna i form av lokal motstand, ofte omtalt som NIMBY («not in my back yard»).
- Den raske utviklinga innanfor fornybar energiteknologi gjer det utfordrande å føreseia framtidige behov og løysingar.
- Det er behov for fleksibilitet, fordi det er vanskeleg å føreseia kva for energiformer som vil bli mest aktuelle.
- Det er ikkje alltid samsvar mellom kvar det finst eigna areal for energiproduksjon, og kvar det er kapasitet i straumnettet til å ta imot produksjonen.
- Avgrensa kapasitet i det regionale straumnettet kan seinke utbygging, og utviding av nettet tar lang tid.

### Problemstillingar som skal belysast i det vidare planarbeidet

Midt-Telemark kommune skal utarbeida strategiske føringer, retningslinjer og føresegner.

Problemformuleringa kan justerast ved behov i løpet av planprosessen.

- Status for nettkapasiteten i dag og identifisering av framtidige behov og planer for nettkapasitet.
- Legg vekt på langsiktig planlegging og tilrettelegging for ny teknologi og grøne løysingar.
- Fokus på klimavennlege løysingar som innovasjon og berekraftige industriområde som bidreg til energieffektivisering, og som er knytt til effektiv infrastruktur og kollektivtransport.
- Identifiser moglegeheit for kraftproduksjon, inkludert oppgradering og utviding av eksisterande anlegg, og dessutan moglegeheit for kraftproduksjon på grå areal som takflater, parkeringsplassar, industriområde, veg, steinbrudd og masseuttak, område for råstoffutvinning og nedlagde eller lite brukte tomter. Det kan også vurderast agrivoltaic løysingar som kombinerer solenergi og jordbruk.
- Kartlegging av eigna område for storskala og småskala solenergianlegg.
- Identifisere moglegeheit for kraftproduksjon i kommunen, inkludert oppgraderingar og utviding av eksisterande vasskraft, og dessutan moglegeheit for kraftproduksjon på grå areal.

- Kunnskap om konsekvensar ved utbygging av ulike former for energiproduksjon, som til dømes vindkraft, solkraft, vasskraft og biogass. Kva arealtypar og lokaliseringar er eigna for dei ulike formene for energiproduksjon?
- Vurdering av lokal energiproduksjon som ein del av sirkulærøkonomiske modellar innan landbruket og avfallsektoren.
- Korleis kan kommunen sikra ein god balanse mellom energitiltak og omsynet til natur, jordvern, reindrift, friluftsliv og landskap?
- Kva energiformer bør prioriterast i kommunen, i lys av naturressursar, klimamål og næringsutvikling?
- Sikre godt samarbeid og medverknad for å balansera interessene mellom ulike aktørar.
- Konsekvensutgreiing (KU) for naturmangfald, jordvern, landskap og kulturmiljø.

### **Folkehelse**

KPA kan bidra til folkehelse ved å integrere helseperspektiv i avgjerder om arealbruk, slik at utviklinga både fremjar helse og tek omsyn til mogleg helserisikoar. Planprogrammet for KPA skal handtere og vareta folkehelsa ved å inkludere helseperspektiv i avgjerdssprosesser til prioriterte tema som næringsareal og areal for energiproduksjon.

Følgjande må takast i betrakting:

- Tilrettelegging for fysisk aktivitet og grøntområde.
- Luftkvalitet og støy.
- Tenester og tilgjengeleghet.
- Sosial berekraft.
- Verknad på psykisk helse.
- Heilstapleg helsefremjande planlegging.

Formuleringane kan justerast ved behov i løpet av planprosessen.

### **Barn og unge sine interesser**

Planprogrammet for KPA kan ivareta barn og unge sine interesser i samband med prioriterte tema som næringsareal og areal for energiproduksjon ved å sikre at deira behov, rettar og moglegheit for utvikling takast med i vurderingane. Dette er avgjerande for å legge til rette for ei inkluderande og berekraftig samfunnsutvikling, der barn og unge får moglegheit til å vekse og delta.

Følgjande må takast i betrakting:

- Barn og unge sin rett til medverknad.
- Trygge og tilgjengelege nærmiljø.
- Miljø og helse.
- Langsiktig perspektiv og berekraft.

Formuleringane kan justerast ved behov i løpet av planprosessen.

## 5 Utgreiingsbehov

### 5.1 Konsekvensutgreiing (KU)

Kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanar bør ha eit overordna, langsiktig og heilskapleg perspektiv, og føremålet er at KU skal gje eit godt slutionsgrunnlag ved arealplanlegging. Dette betyr at KU også skal ha fokus på strategiske problemstillingar.

I KU-forskrifta går det fram at kommuneplanar som kan få vesentlege verknader for miljø- og samfunn, vert omfatta av kravet om konsekvensutgreiing. KU skal skildre verknader av alle nye næringsområde og vesentleg endra arealbruk i eksisterande område.

I tråd med forskrifta om konsekvensutgreiingar skal planomtalen for ny arealdel gi ei særskild vurdering i form av ei konsekvensutgreiing (KU) og ei skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Forskrift om konsekvensutgreiingar og Miljøverndepartementet sin rettleier: Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven gir ein systematisk metodikk for å vurdera miljøkonsekvensar av planar og tiltak.

#### Metode

Konsekvensutgreiinga skal i hovudsak byggje på eksisterande kunnskap slik dei førekjem i tilgjengelege databasar og dokument. Viktig informasjon som manglar, må innhentast eller undersøkjast. Når all relevant kunnskap er tilgjengeleg, skal det for kvart nytt næringsområde gjera ei vurdering av både verdi, omfang og konsekvens for kvart enkelt tema, og til slutt ei samla vurdering.

#### Utgreiningstema i KU

Dei områda som skal vurderast som nye næringsområde skal konsekvensvurderast utifrå eit lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv.

For å sikre openheit om utgreiinga, skal planprogrammet alltid angi korleis eksisterande kunnskap skal nyttast i KU for dei miljø- og samfunnstema som er aktuelle.

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og skildre dei faktorane som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn, mellom anna:

- Naturmangfold
- Kulturmiljø
- Vannmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Klimagassutslepp
- Støy
- Luftkvalitet
- Foreneset grunn

Beskrivinga skal omfatta positive, negative, direkte, indirekte, mellombelse, varige, kortskiktige og langsiktige verknader.

Samla verknader av planen eller tiltaket sett i lys av allereie gjennomførte, vedtekne eller godkjende planar eller tiltak i influensområdet skal også vurderast.

## 5.2 Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Den gjeldande risiko- og sårbarheitsanalysen for Midt-Telemark kommune vart vedteken 11.11.2019 i samband med førre rullering av kommuneplanen sin arealdel.

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 på kommuneplannivå, skal det kartleggjast kva for typar fare, risiko eller sårbarheit som kan vera til stades og ha betydning for dei føreslårte områda for bruksendring. Det skal også utgreia kva for eventuelle endringar i risiko og sårbarheit dei planlagde tiltaka kan medføre. Fare-, risiko- eller sårbarheitsområde skal peikast ut som omsynssoner i plankartet. Føresegne skal gi rettleiing for korleis desse områda skal handsamast i den vidare planlegginga.

ROS-analysen skal utførast for kvart nytt område som inneber endringar i arealbruksføremålet. Den skal hovudsakleg baserast på eksisterande kunnskap, men viktig informasjon som manglar, må hentast inn eller undersøkjast.

ROS-analysen skal gjennomførast i tre trinn: farekartlegging, deretter vurdering av sannsyn og konsekvens for aktuelle hendingar og til slutt forslag til risikoreduserande tiltak og oppfølging i plan.

ROS-analysen tek utgangspunkt i følgjande sjekkliste:

- Naturhendingar (mellan anna overvatn, flaum, m.m.)
- Infrastruktur
- Brann
- Farleg verksemd, grunnforureining og oljeulykker
- Trafikkulykker, farleg transport m.m.

Farekartlegginga og sårbarheita skal integrerast i vurderinga av områda, slik at ein ser konsekvensane i samanheng. Sårbarheita skal vurderast på ein skala frå lite sårbart, moderat sårbart, svært sårbart. ROS-analysen skal fremje risikoreduserande tiltak og forslag til oppfølging i plan. Desse skal nyttast vidare som føresegner og i utforminga av plankartet.

## 6 Vurdering av reguleringsplanar i planområdet

Kommunen skal vurdere om innhaldet i eksisterande reguleringsplanar i planområdet er i tråd med kommunens interesser, samt regionale og nasjonale føringer. Eldre planar som ikkje er i tråd med dette vil bli føreslått oppheva.

## 7 Organisering og medverknad

## 7.1 Organisering

### 7.1.1 Politisk styringsgruppe

Den politiske styringsgruppa for planarbeidet er Utvalet for plan, teknikk og næring (PTN), som har eit overordna ansvar for å styre, følgja opp og ta viktige avgjerder i prosessen.

### 7.1.2 Administrativ styringsgruppe

Den administrative styringsgruppa er den kommunale leiargruppa (KLG).

### 7.1.3 Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa/ prosjektteamet har ansvar for å utarbeide dei nødvendige plandokumenta.

### 7.1.4 Intern referansegruppe

Det allereie etablerte planforumet i kommunen fungerer som ei intern referansegruppe for planarbeidet og vil jamleg bli informert om planarbeidet og planprosessen.

### 7.1.5 Ekstern referansegruppe

Det regionale planforumet i fylkeskommunen brukast som ei ekstern referansegruppe for innspel og rettleiing.

## 7.2 Medverknad

Målet er å sikre ein oversiktleg og føreseieleg planprosess for alle råka partar. Brei medverknad i planprosessen er avgjerande for å utarbeide ein grundig plan med solid forankring i lokalsamfunnet. Dette vil også gjera det enklare å følgje opp planen sine mål og tiltak.

Midt-Telemark kommune vil invitere offentlege og private høyringspartar, råka grunneigarar, innbyggjarane generelt, foreiningar, målgrupper og organisasjonar med særskilte interesser knytte til utfordringane som skal handsamast i planprosessen.

Det vil bli arrangert minst eitt folkemøte, der det vil vera mogleg å diskutera ulike tema og problemstillingar.

## 8 Planprosess og framdriftsplan

Rulleringa av den nye arealdelen er eit omfattande arbeid med fleire fasar. Figuren under viser hovudfasar og milepælar for planarbeidet.

Første steg i arbeidet med rulling av kommuneplanen sin arealDEL for Midt-Telemark kommune er å utarbeide eit planprogram. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Fristen for å gi høyringsfråsegner skal vera minst seks veker. Planprogrammet skal fastsetjast innan rimeleg tid etter høyringsfristen. Det endelege planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret og skal deretter leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

## Fremdriftsplan

